



Jorun Sætre
Hellandsvegen 268
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1255 - 17/26280

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
14.09.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon 3- gbnr 29/7 Hauge

Det vert vist til dykkar søknad datert 07.04.2016, tilleggsopplysningar datert 20.05.2016 og 01.08.2016.

I vårt siste skriv av 01.08.2016 vart de gjort oppmerksom på følgjande:

Vidare saksgang:

Det ligg ikkje føre godkjenning for bruksendring av bygningen til fritidsbustad. Bruksendring til fritidsbustad er i strid med kommuneplanen LNF-føremål og forbodet i plan- og bygningslova § 1-8. Søknad om bruksendring frå naust/uthus til fritidsbustad krev dispensasjon frå føremålet LNFR i kommuneplanen sin arealdel og frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø i plan- og bygningslova § 1-8. Søknad om bruksendring frå naust til fritidsbustad må sendast inn av ansvarleg føretak.

Vi ber om tilbakemelding om du ynskjer at søknaden om fasadeendring vert handsama slik den ligg føre. Søknaden vert då handsama ut frå at bygningen er eit naust/uthus.

Svaret vi mottok frå dykk var at de allereie hadde gitt tilbakemelding i siste halvdel i august, sjå e-post av 01.08.2016. Vi forstår det slik at de henviser til dykkar skriv av 20.05.2016.

Vi ønskjer ein tilbakemelding på om de ønskjer saka handsama slik den ligg føre. Eit anna alternativ er å trekkje søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 29.09.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jorun Sætre

Hellandsvegen 268 5936

MANGER

Mottakarar:

Jorun Sætre

Hellandsvegen 268 5936

MANGER